



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter		21/488

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	
007/21	Eldrerådet	PS	09.11.2021
018/21	Ungdomsrådet	PS	01.11.2021
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Vedlegg:

Samla budsjettdokument 2022

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Rådmannen fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2022 og økonomiplan for perioden 2022-2025 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Før tilleggsproposisjon frå Ap/Sp-regjeringa er sendt Stortinget måndag 8/11-21, er veksten for Fedje kommune i frie inntekter under det halve av landsgjennomsnittet. Dette er ein konsekvens av negativ folketalsutvikling. Konsekvensane av dette gjer at rådmannen igjen legg fram eit stramt budsjett som legg opp til ein vidareføring av tenestetilbodet på ca. same nivå som det er i dag.

Særleg ber rådmannen kommunestyret merke seg:

- Tal tilsette ved Fedje barnehage vil vere ca 1,8 årsverk lågare ved inngangen til 2022 enn det var ved inngangen til 2021.
- Me må vurdere ytterlegare reduksjon av tal tilsette neste skuleår, mellom anna ved å sjå på organiseringa av SFO.
- Ny legeteneste vil ha om lag same driftskostnader som ei vidareføring av tidlegare legeteneste ville gitt, men her er det fortsatt noko usikkerheit.

Budsjettet 2022 er oppgjort med eit netto driftsresultat på kr 433 000,-, noko som er langt mindre enn det KS tilrår at kommunane skal ha. Rådmannen meiner likevel dette er forsvarleg, og trur det er grunn til å håpe at dette talet kan forbetra seg noko når tilleggsproposisjon til statsbudsjettet vert fremma og handsama i Stortinget. Premieavvik og innbetalingar til KLP neste år kan også endra seg



Fedje kommune

noko, og her ventar me på ei ny oversikt frå KLP seinare i år. Utsiktene etter 2022 er også krevjande. Dette gjer at rådmannen i prosessen for budsjettet 2022 har vurdert å foreslå innføring av eigedomsskatt på næring, samt hytter og hus i Fedje kommune. Etter ei totalvurdering vert dette i denne omgang likevel ikkje føreslått. Også andre tiltak som kan auke inntektene er vurdert, men er ikkje inne som ein del av budsjettframlegget.

Vurdering

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 er grundig sakshandsama både i utvida leiargruppe, personaleiargruppa og i stabsgruppa. Dei hovudtillitsvalde har også blitt orientert om hovudtala i budsjettet. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen. Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd, og behandla der før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre. Rådmannen meiner på bakgrunn av dette at kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

Folkehelse: Godt ivaretatt

Miljø: Godt ivaretatt

Økonomi: Stramt men forsvarleg

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

Forslag til vedtak:

Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

Ungdomsrådet - 018/21

U - behandling:

Felles framlegg:

Ungdomsrådet ønskjer at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben. Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunen sett av midlar tiletting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer seg betre vegar i kommunen. Vedtaksframlegget falt samrøystes.



Fedje kommune

U - vedtak:

Ungdomsrådet ønsker at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben. Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr.

Ungdomsrådet ønsker at kommunen sett av midlar til tetting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben.

Samrøystes vedteke.